



Brura Ingunn Rød visste ingenting om at ho skulle gifta seg med Ivar Kolaas fredag. (Foto: Kvinnheringen)

Ivar Kolaas (44) ville ikkje vera som alle andre og arrangerte eit overraskingsbryllaup for Ingunn Rød (40) frå Uskedalen i båthamna på Sunde fredag kveld. 120 gjester var invitert til fest. Ho vart nøgd likevel. Tårane trilla på den rørte brura som vart vigsla hos sorenskrivaren på Stord, melder Kvinnheringen.

Ingunn visste torsdag kveld ikkje noko som helst om at ho skulle gifta seg med Ivar dagen etter. Han hadde halde bryllaupsplanane skjult for henne i fleire månader, men alt var tilrettelagd ned til den minste detalj, med god hjelp frå familie og venner.

Ho trudde dei skulle vera heime med dei næraste. Det har vore fortalt mange løgner den siste tida og utruleg nok sprakk ingen

- Det vart ein fantastisk dag, kveld og natt. Eg ville ikkje hatt det på nokon annan måte, sa brura etterpå. Heile dagen baud på nye overraskingar. Mellom aktørane var Husnes Musikklag.

- Eg hadde lyst til å gjera noko litt spesielt, ikkje på same måte som alle andre. Eg var ganske sikker på at kom kom til å sei ja. Men eg skreiv i invitasjonane at dersom ho sa nei, fekk me ta oss ein venners-venner-fest i staden, sa brudgommen.

Det nygifte paret har vore forlova i lang tid og har dottera Malin (6) saman. Men familien har likevel ikkje hatt mykje tru på at dei skulle bli gift.

Av Ola Matti Mathisen